

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Møre

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kvernes.

Emne: Ård og plog.

Bygdelag: Kvernes.

Oppskr. av: L. J. Mork

Gard: Mork.

(adresse): Afset

G.nr. 10 Br.nr. 8.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Plog er sjølsagt brukt. Om ård sjaa nedanfor.
2. Som smaagut hugsar eg at kornet delvis vart mylda ned med grev, men harv var og bruka. Dette var for vel 50 aar sidan. No blir kornet horva ned der det ikkje blir brukt radsaamaskin. Ård har eg ikkje høyrte om vart bruka.
3. Det vi her kallar ård er det same som hyppeplog. Den blir berre bruka til aa slaa opp forer med til setting av poteter, til forer til saaing av rotvektster og til hypping av poteter. Ård av typer etter fig. 1 til 3 er ukjent her, og eg tvilar paa at dette reidskap har vore bruka her i dei siste hundre aar.
- 4-8. Sjaa framanfor.
9. Nei.
10. Sjaa framanfor under 3.
11. Dei eldste typer eg har sett her er nærmast lik fig. 7, men dei hadde regulering av djupgangen, ein saakalla "moldfot". Det var eit stillbart trestykke skapt som ein vinkel og festa i framkant av aasen. Ården var som sagt berre bruka til aa slaa opp ~~forer~~ forer med. I mi tid var dette reidskap av jarn og med stillbare fjøler, men eg minnest at eg i min barndom har sett årdar men velteffjøler av tre, men med ~~skjer~~ skjer av jarn. Eg har ikkje set dei i bruk.
12. Dei vart laga av bygdesmedar.
13. No blir her berre bruka fabrikksmidde plogar, men heimesmidde plogar har vore i bruk her til for omlag 40 aar sidan. Dei vart laga av smedar i bygda eller i ei nabobygd. Hva dei kostar, kan eg ikkje svara paa.
14. Dei eldste plogtypar eg har sett var nærmast lik fig. 8, men med styre nærmast lik fig. 15 eller 16. Dei hadde lest og skjer av jarn og velteffjøler av tre. Dei har ikkje vore i bruk i mi tid. Styret er den dag idag kalla "arnivan". Dei første plogar med jarnfjøler

og som var i bruk fram til aar 1900, var nærmast lik fig. 14, men med styre lik fig.15.

15. Plogkaren maatte som regel ha med ein spade av tre til aa gjera rein plogfjela med, serleg naar ein pløygde om vaaren. Den var festa til styret med ei snor. Namn har ei ikkje høyrte.

16. 17. Plogen vart som regel ikkje kjøyrte paa fjela naar ein kjøyrte tomn tilbake.

17. Ja, noko sers namn paa klossen har eg ikkje høyrte.

18. Högreplog var og er det vanlege, men det var og bruka vinstreplog. Ein kunne da velte jorda vekselvis til to sider, noko som var av stor vekt i det bakkute lende her og med den daarlege velteevna dei gamle plogar hadde.

19. Djupgangen kunne vel vera omlag 12 - 16 cm. Regelen ~~XXXXX~~ var at det skulle pløygast djupare om hausten enn om vaaren. Plogen hadde alltid stillbar slepesko av tre, seinare og eit hjul. Det var kalla "moldfoten".

20. Ja, men den var mest berre bruka naar ein pløygde grasvoll.

21. Nei.

22. Det har eg ikkje høyrte.

23. heil ukjent her.

Nemninga ardaasen istaden for plogaasen er ukjent her. Ordet ard blir uttala "al" med tjukk l, plog likeeins med tjukk l. Dei er begge handkjønn i bygdemaalet.

Mork den 12. mars 1948.



1406

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING